



Etatsstyring 2021

Tilbakemelding til Høgskulen i Volda

Dato/versjon:

17.06.2021/endeleg

Høgskulen i Volda (HVO) har «kunnskap for framtida» som visjon. Høgskulen har ein sterk fagtradisjon innanfor humaniora og samfunnsvitskap og tilbyr profesjonsutdanningar og fagstudium som både er regionalt forankra og internasjonalt orienterte.

Kunnskapsdepartementet (KD) har i fleire år peikt på at HVO har utfordringar med å sikre gode resultat på sentrale område. I tilbakemeldinga for 2020 bad derfor KD om at HVO konkretiserte kva tiltak dei ville sette i verk for å sikre betre resultat i åra framover. HVO beskrev forslag og tiltak på fire spesifikke område: gjennomstrøyming for master, vitskapleg publisering, BOA-inntekter per fagleg tilsett og rekruttering av tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse. I 2020 er det ei betre resultatutvikling på enkelte område, men det er òg framleis store utfordringar.

KD merkar seg den store innsatsen for å skape resultat og godt samarbeid under covid-19-pandemien. Digitalisering gjer det mogleg med djuptgåande endringar som kan bidra til å nå måla for utdanning og forskning på ein betre og meir effektiv måte framover. KD oppfordrar derfor institusjonane til å vidareutvikle dei digitale løysingane. Pandemien har gitt spesielle utfordringar for utdanningar med mykje obligatorisk praksis og KD ber institusjonane fortsetja arbeidet med å vareta dette framover.

I stortingsmeldinga " En verden av muligheter - Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning" er ambisjonen at internasjonal mobilitet blir ein integrert del av alle studieprogram. KD forventar at institusjonane følgjer opp ambisjonane til regjeringa og minner om at minstekrava i EUs yrkeskvalifikasjonsdirektiv alltid må etterkomast i utdanningar der det er relevant.

Stortingsmeldingane " *Utdanning for omstilling - økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*" og "Styring av statlige universiteter og høyskoler" signaliserer auka forventingar til UH-sektoren, samtidig som styringssystemet skal forenklast. Universitet og høgskular vil framover få større fridom til å løyse samfunnsoppdraget. Med auka tillit følgjer meir ansvar og forventingar. KD forventar derfor at institusjonane bidreg til vidareutvikling av styringssystemet og at relevans i utdanningane blir sikra gjennom ein meir systematisk dialog med arbeidslivet.

1. Resultat og oppnådde mål

HVO inngjekk utviklingsavtale med KD frå og med 2019 gjennom ein prosess med innspel frå institusjonen og dialog med departementet. Utviklingsavtalen baserer seg på HVO sin strategiplan for 2017-2020.



Ny strategi skulle ha vore ferdig i desember 2020, men er utsett grunna covid-19-pandemien. På enkelte område i utviklingsavtalen har HVO relativt god måloppnåing, som den positive utviklinga i publiseringspoeng. På andre område er det utfordringar, som det å auke bidragsinntektene frå Forskringsrådet.

Kvalitet i utdanning

Departementet har forståing for at 2020 har vore eit krevjande år for HVO på grunn av pandemisituasjonen. Det har vore særskilde utfordringar for institusjonane med utdanningar som har praksis, og departementet vil rose institusjonen for den omstillinga og tilrettelegginga som er gjort for at studentane oppnår læringsutbyttet i utdanningane og i minst mogleg grad blir forsinka i studia.

Det er positivt at gjennomstrøyminga på bachelorutdanningane har gått opp frå 2019 til 2020 og ligg over snitt for statleg UH-sektor. Gjennomstrøyminga på masternivå er derimot framleis svært låg og har gått ned med 14 prosentpoeng frå 2019 til 2020 og ligg på 14 %. Dette er òg lågast blant UH-institusjonane. Høgskulen har ikkje klart å auke gjennomstrøyminga på masternivå trass tiltaka som har vore sette i gang. Departementet saknar ei grunngjeving for kva som kan vere årsaka til den kraftige nedgangen i 2020. Det er særskilt viktig at høgskulen klarer å auke gjennomstrøyminga framover.

Måltalsproduksjonen på lærarutdanningar er framleis låg innanfor GLU 1-7 og 5-10, og det er tilbakegang på begge desse utdanningane. Særleg GLU 1-7 har dårleg utvikling. Høgskulen opplyser at årsaka til låg kandidatproduksjon skuldast at dei ikkje har hatt nok søkarar. Departementet forventar at høgskulen arbeider med å få opp produksjonen og talet på søkarar på GLU 1-7.

Rekruttering av tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse var eit av dei særskilde temaa som vart teke opp i etatsstyringa i fjor, og også ein del av utviklingsavtalen. Det har vore ein auke i delen førstestillingar på 2,8 prosentpoeng frå 2019 til 2020. I 2020 var det åtte tilsette som fekk opprykk til førstekompetanse, medan fire fekk opprykk til toppkompetanse. Det er nødvendig at høgskulen har merksemd på å auke talet på førstestillingar, som òg kan vere eit viktig bidrag for å auke gjennomstrøyminga på masternivå og sikre betre kvalitet i utdanningane.

Institusjonane må mobilisere til breiare deltaking i Erasmus+ slik at moglegheitene i programmet blir fullt ut nytta. KD oppfordrar universiteta og høgskulane til å utvikla eigne mål og strategiar for deltakinga si, og til å sjå innsatsen i Erasmus+ i samanheng med eigne strategiske prioriteringar. EU legg opp til sterkare synergjar mellom ulike EU-program i perioden 2021 til 2027. KD forventar at universiteta og høgskulane utnyttar synergiane mellom Horisont Europa og Erasmus+.

I samband med implementering av nytt styringssystem for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS) er det viktig at høgskulen støttar fagmiljøa i arbeidet deira med å revidera studieplanane. Det trengst både kapasitet og kvalitet i desse utdanningane i framtida, og innsatsen deira no vil vere avgjerande i lang tid framover. Godt samarbeid med praksisfeltet i helse- og sosialtenestene vil vere viktig for å få løyst utfordringane mellom anna med kvalitet



og kapasitet i praksisstudiar. Meld. St. 16 (2020-2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning* peikar på kor viktig det er med godt samarbeid. Departementet forventar at høgskulen vier desse prosessane merksemd og støttar fagmiljøa i dette arbeidet.

Regjeringa vil at høgare utdanning skal bli meir tilgjengeleg uavhengig av bustad og livssituasjon, og omfanget av fleksible tilbod av høg kvalitet må derfor aukast. Det vil om kort tid leggjast fram ein strategi for desentralisert og fleksibel utdanning. KD forventar at universitet og høgskular bidreg aktivt i samarbeidet med fylkeskommunen som kompetansepolitisk aktør i regionen sin og med andre relevante aktørar i regionen, for å bidra til å dekke kompetansebehov i regionen.

Kvalitet i forskning

HVO har hatt ei positiv utvikling i publikasjonspoeng totalt og nesten ei dobling per faglege årsverk det siste året. Høgskulen viser til auken i monografier som ei forklaring, men at dette er tilfeldige utslag som kan variere mellom år. Det er òg grunn til å tru at satsinga på forskingsgrupper og den store tildelinga av FoU-stipend i 2019 kan ha medverka til auken. Departementet vil oppmode høgskulen til å halde fram med slike verkemiddel som fremjar relevant forskning og publisering, til støtte for utdanningane.

Delen publisering på nivå 2 varierer ein god del mellom år. Sjølv med ein liten auke i fjor, ligg delen lågare enn snittet for statlege høgskular. Det er ei utfordring når det gjeld å nå ambisjonane om høg kvalitet i forskinga.

Bidragssinntektene frå Forskringsrådet har vore lågast blant statlege UH-institusjonar i dei siste seks åra, og gjekk ytterlegare ned det siste året. Høgskulen omtaler tilslag på ein større søknad til Forskringsrådet, men at det ikkje har vore lagt like stor vekt på forskning som på undervisning under covid-19-pandemien. Departementet forventar at høgskolen vil prioritere å søke finansiering frå Forskringsrådet og andre eksterne kjelder, på område som er sentrale i strategien og i tråd med måla og utviklingsavtalen til høgskulen. Forskinga ved høgskulen skal mellom anna medverke til å gje god, forskingsbasert undervisning.

Det er positivt at høgskulen arbeider aktivt med open tilgang til forskingsresultat, og tilgjengeleggjering og deling av data, i tråd med Plan S.

Regjeringa ønsker at universiteta og høgskulane aukar deltakinga i Horisont Europa samanlikna med Horisont 2020. KD forventar at institusjonane vidareutviklar arbeidet med å mobilisera, støtta og rettleia fagmiljøa sine, både på eiga hand og i samarbeid med det nasjonale støtteapparatet. Departementet forventar at HVO sett seg mål om å ta del i Horisont Europa, i samarbeid med andre institusjonar og fagmiljø.

Samarbeid med omverda

Å styrka samspelet mellom næringslivet, academia, innovasjons- og forskingsmiljø er eit viktig område for regjeringa. HVO samarbeider med regionalt arbeidsliv på ulike arenaer, men samarbeidet er i hovudsak avgrensa til offentlig sektor. Andre BOA-inntekter per fagleg årsverk var eit av temaa som vart teke opp i etatsstyringa i 2020. Det har vore ein god auke frå i fjor, men departementet merkar seg også at veksten i hovudsak kjem frå andre statlege



etatar og at HVO framleis ligg godt under gjennomsnittet for statleg UH. Høgskulen har ambisjon om å vere relevant for privat næringsliv, og departementet forventar på sikt å sjå konkrete resultat av etableringa av ein kunnskapspark i form av økt samspel og samarbeid med regionalt næringsliv.

HVO skriv i årsrapporten at det mellom anna har det vore høg aktivitet i etter- og vidareutdanningsmarknaden for lærarutdanningane. Departementet merkar seg dette og understrekar viktigheita av å følgja opp Kompetansereformen.

God ressursbruk og forvaltning

Redusert bruk av mellombelse stillingar i UH-sektoren er eit av regjeringas prioriterte område. Bruke av slike stillingar i universitets- og høgskulesektoren er framleis for høg. Temaet har òg vore teke opp ved fleire høve og sist i etatsstyringa våren 2020. Delen mellombelse stillingar ved høgskulen er framleis for høg med 15,3 % per 31.12.2020. Departementet merkar seg likevel nedgangen i delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar frå i fjor. Departementet forventar ei fortsatt merksemd på dette og at midlertidigheten blir redusert ytterlegare.

Departementet minner om [Reglement for statlege universiteter og høyskolars oppbygging og anvendelse av ubenyttede bevilgninger \(avsetninger\)](#), F-05-20, som tredde i kraft 1. januar 2021. Institusjonar som har avsetningar til andre formål på meir enn 5 % av løyvinga si frå KD pr. 31.12.21 skal gjere greie for årsakene til dette i brev til KD. HVO har avsetningar til andre formål på 10,2 % av løyvinga frå KD pr. 31.12.20. Viss HVO har avsetningar til andre formål som overstig 5 % av løyvinga frå KD pr. 31.12.21, kan dette medføre at overskytande midlar blir tilbakeførte til statskassa. HVO må i 2021 setje i verk tiltak for å kome seg under denne grensa. Det går fram av årsrapporten at HVO i 2021 har ambisjonar om å gjennomføre delar av utsett aktivitet frå 2020 og såleis redusera avsetningane til eit meir formålstenleg nivå.

I 2020 var kvinnedelen i dosent- og professorstillingar på 24,7 %, noko som er godt under gjennomsnittet for statleg UH-sektor (33,4 %). Ambisjonen til høgskulen er 30 % og departementet forventar dermed at kvinnedelen aukar framover.

Departementet viser til kartlegginga frå Unit av informasjonstrygging og personvern ved HVO og det følgjande brevet frå direktoratet med oppmodingar om oppfølging. Departementet merkar seg at HVO styrkar arbeidet med informasjonstrygging og personvern, og forventar at dette vil heve kvaliteten på mellom anna risikostyringa. Departementet føreset at HVO etablerer ein kontinuitetsplan og arbeider med å styrke kompetansen om informasjonstryggleik og personvern til medarbeidarar med sentrale roller. Departementet føreset at HVO sørger for å etterleve krava i policy for informasjonstrygging og personvern i høgare utdanning og forskning, som blir forvalta av Unit.

KD merkar seg at HVO har låg måloppnåing for regjeringas inkluderingsdugnad. KD har klare forventningar om at HVO set i verk tiltak for å nå målet om at 5 % av alle nyttilsette skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller med hol i CV-en.



2. Andre viktige styringssignal

Det er bekymringsfullt at det har vore ein betydeleg auke i talet på eksamensjuks under covid-19-pandemien, som mellom anna kan skuldast digitale heimeeksamenar.

Departementet er opptatt av at institusjonane sikrar god informasjon til studentane om kva som er lovleg samarbeid og arbeider med effektive tiltak for å kjempa mot juks.